



# Sunnfjord kommune

Landbruk og miljø

Vår ref 21/6020  
Dykkar ref  
Saksbehandlar Joar Helgheim  
Dato 01.07.2021

Midtre Naustdal  
v/Jan Hove  
Hove  
6817 NAUSTDAL

## Informasjon og tildeling av hjorteløyver 2021, Midtre Naustdal

### Vedtak

Sunnfjord kommune tildelar hjortevaldet Midtre Naustdal 148 hjorteløyve for år 2021, i medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18.

Avskytinga skal følgje godkjend bestandsplan.

Midtre Naustdal skal rapportere resultatet seinast 10 dagar etter jaktslutt (3. jan 2022). Rapport skal leverast på skjema som ligg ved dette brevet.

De har klagerett på vedtaket, etter forvaltingslovas reglar. Eventuell klage skal vere skriftleg og grunngjeven. Klagefristen er tre veker frå den dagen de mottok vedtaket.

### Informasjon:

#### Skranstesjuka

Sunnfjord kommune har fått melding (sjå vedlagt informasjonsskriv) om at det skal takast ut prøve av all vaksen hjort (2 år og eldre) felt under årets jakt i Sunnfjord kommune. Prøve skal takast av hjerne og bakre svelglymfeknutar eventuelt annan lymfeknute på hovudet. Dersom jeger ikkje får tett ut lymfeknutane skal han likevel sende hjerneprøven til Veterinærinstituttet for analyse.

Prøvetakingsutstyr vert bestilt inn av kommunen. Utstyr til kvart vald skal valdensvarleg hente på sitt servicetorg (gamle kommunehusa i Gaular, Naustdal og Jølste eller rådhuset i Førde). Utstyr skal vere tilgjengeleg frå midten av august (seinast). Midtre Naustdal skal ha 61 prøvesett.

### Fellingsavgifter

Fellingsavgifter for 2021 er som følger:

- ✓ Vaksne hjort (1,5 år og eldre): 344 kr
- ✓ Kalv 209 kr

Med helsing

Joar Helgheim  
einingsleiar